

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 26.05.2020
FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen

SAKA GJELD: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 04.05.20 - 27.05.20**

ARKIVSAK: 2020/87

STYRESAK: 078/20

STYREMØTE: 17.06. 2020

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 04.05.20 - 27.05.20

Lov	Dato for kungjering	Kva lova/lovendringa gjeld
Midlertidig lov om endringar i helseberedskapsloven	26.05.20	<p>Formålet med endringslova er å avhjelpe negative konsekvensar av utbrot av covid-19, og lova gir heimel til å gjere tilpassingar og unnatak frå gjeldande regleverk på to område.</p> <p>For det første gir lova heimel for å kunne fastsette tilpassingar og unnatak frå lov om pasient- og brukarrettar kapittel 2 og korresponderande pliktføresegner. Slike tilpassingar og unnatak har vore fastsett i midlertidig forskrift som blir oppheva frå 27. mai 2020.</p> <p>For det andre blir det vidareført heimel til å kunne vidareføre føresegnene i forskrift 6. mars 2020 nr. 239 om tiltak for å sikre tilgang til legemidlar, medisinsk utstyr og personlig</p>

		verneutstyr som følgje av utbrotet av koronaviruset.
--	--	--

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 04.05.20 - 27.05.20

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Midlertidig forskrift om endringar i lov om pasient og brukarrettar mv. for å avhjelpe negative konsekvensar av utbrotet av covid-19.	27.05.20	<p>For å ruste opp helsetenesta og prioritere dei sjukaste pasientane gjorde Helse- og omsorgsdepartementet midlertidige endringar i helselovane. No er endringane oppheva slik at dei fleste av pasientrettane gjeld igjen.</p> <p>Rettigheitane som blir gjeninnført er:</p> <ul style="list-style-type: none"> - fristen for vurdering innan 10 dagar - retten til ny vurdering - retten til individuell plan - retten til kontaktlege - retten til fritt behandlingsval <p>I tillegg blir spesialisthelsetenesta sin plikt til å sette frist for når pasienten seinast skal få nødvendig helsehjelp gjeninnført, men unnataket frå retten til alternativt tilbod ved fristbrot gjennom Helfo blir vidareført.</p>

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 04.05.20 - 27.05.20

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte Helse Vest RHF	08.05.20	<p>I føretaksmøte i Helse Vest RHF 8. mai blei dei regionale helseføretaka under leiing av Helse Vest RHF gitt i oppdrag å bygge eit beredskapslager for legemidlar på nivå 2.</p> <p>Sjå nærare omtale i eiga sak.</p>